

**VÅRE VERDIAR****PÅLITELEGE, FRAMSYNTE, HA PÅGANGSMOT OG HUMØR****VÅR VISJON****SAMAN SKAPAR VI VERDIAR FOR BYGDA VÅR!****FORRETNINGSIDE****Vi skal vere ein framtidsretta verdiskapar med kunderetta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår**


---

# **SAMANDRAG AV ÅRSMELDINGAR 2021**

**FOR  
SKJÅK ENERGI HOLDING AS  
SKIAKERNETT AS  
SKJÅK ENERGI ENTREPRENØR AS  
SKJÅK VASSKRAFT AS  
AURSJOKRAFT AS**

Konsernet Skjåk Energi utgjer fem selskap der drifta omfattar distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile Skjåk kommune, samt dei delane av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk - Stryn som ligg i Stryn. Konsernet forvaltar diverse kraftrettar for Skjåk kommune og eig rettार på uttak av produksjon i kraftverka Skjåk 1, Øyberget og Framruste. Elverket har engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk, sel og monterer solcelleanlegg og varmpumper og engasjerer seg i næringsutvikling i bygda. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk Kraftverk, vart starta opp i 1919.

Skjåk Energi er heileigd av Skjåk kommune og er frå 2021 organisert som eit konsern. Krav i energilova om at nettverksemda/overføringsverksemda skal vere organisert i eige selskap er bakgrunnen for omdanninga til konsern. Morselskapet Skjåk Energi Holding AS er heileigd av Skjåk kommune og eig fullt ut dei fire dotterselskapa SkiakerNett AS, Skjåk Energi Entreprenør AS, Skjåk Vasskraft AS og Aursjokraft AS.



Skjåk Energi er ikkje omfatta av kravet om funksjonelt skilje og kan difor ha felles leing og styre i alle selskapa i konsernet. Styret i morselskapet og dotterselskapa har i 2021 vore:

Hans Sæther (styreleiar)  
Odd Jan Hølmo (nestleiar)  
Thea Mork Kummen  
Ragna Flækøy Skjåkødegård  
Hans Vigstad  
Oddbjørn Sperstad (valt av dei tilsette)

## Samfunnsansvar

Skjåk Energi bidreg direkte og indirekte til ein betydeleg verdiskaping i samfunnet. Det sosiale ansvaret til elverket omfattar fyrst og fremst medarbeidarane våre. Vi legg stor vekt på at Skjåk Energi skal vere ein god arbeidsplass, der dei tilsette kan føle at dei utviklar seg og arbeider i eit positivt miljø. Dette har også stor betydning for rekruttering til elverket. Det er viktig med lokale kompetansearbeidsplassar. Skjåk Energi støtter opp om barne-, ungdoms- og idrettsarbeid. Dette er gode formål vi skal syne merksemd vidare. For Skjåk Energi er det viktig å vise medarbeidarane at elverket er godt integrert i det samfunnet vi lever i, og at vi er eit sosialt ansvarleg elverk som bidreg positivt både i bransjen og i lokalmiljøet i Skjåk. Støtte blir gjeve både som arbeidskraft, utstyr og/eller pengar. Skjåk Energi er bevisst på å bruke lokale leverandørar ved kjøp av varer og tenester. Skjåk Energi har utarbeidd eigne grunnverdiar og etisk verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar. Desse skal følgjast av alle tilsette for å ivareta omsynet til sosiale forhold, samfunn og miljø. Varsling av mistanke eller kjennskap til brot på etiske retningslinjer skal gjerast slik som Varslingsplakaten beskriv, der varslaren også kan vera anonym.

## Hovudtrekk

2021 er første driftsåret som konsern for Skjåk Energi og mykje tid og ressursar har gått med til å ordne formalitetar og få på plass nye rutinar. Dette har like vel ikkje vore til hinder for at arbeidet med å effektivisere drifta har halde fram. Det er også lagt ned betydeleg ressursar gjennom året i utviklingsprosjekt som kan gje positive ringverknader både for bedrifta og bygda på sikt. Vi har sett ei utvikling i kraftmarknaden, spesielt mot slutten av året, med til dels svært store svingingar i prisar. I tillegg har det vore store skilnadar i prisar mellom dei ulike prisområde i Noreg.

Dette har til dels vore utfordrande i høve til prissetting av straumsalet til private og næringsdrivande i Skjåk. Strategien for sikring av kraft på den opne marknaden blir også sett på prøve som følgje av dei store endringane i marknaden.

Lars-Egar Haugen sa opp stillinga som elverksjef etter nesten fire år og hadde sin siste arbeidsdag 31.12.2021. Styret arbeidde hausten 2021 med rekruttering av ny sjef og tilsette Per Rune Storødegård som starta i stillinga i februar 2022.

Samla sett hadde konsernet driftsinntekter på 63,0 MNOK (44,1 i 2020). Den store auken frå året før skuldast i hovudsak betre straumpris. Betring i driftsresultat frå 4,3 MNOK i 2020 til 17,1 MNOK i 2021 har i hovudsak same forklaring. Resultat før skatt vart 15,2 MNOK (2,2), men skattekostnad på heile 11,1 MNOK gjer at årsresultatet vart 4,1 MNOK.

Konsernet har ved utgangen av året ein eigenkapital på 64,5 MNOK som er 34,6 % av totalkapitalen. Likviditetsbeholdninga (bankinnskot) ved utgangen året utgjør 26,4 MNOK mot 20,0 MNOK i fjor og styret vurderer likviditeten til konsernet som god.

	KONSERN	
	2021	2020
Sal av kraft	41 163	20 570
Overføringsinntekter	17 231	19 262
Anna driftsinntekt	4 624	4 255
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>63 018</b>	<b>44 087</b>
Energikjøp	12 239	5 659
Overføringskostnader	2 047	3 590
Varekjøp	1 615	743
Lønnskostnad	12 319	10 229
Avskrivning	4 416	4 582
Annan driftskostnad	13 316	15 017
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>45 952</b>	<b>39 820</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>17 066</b>	<b>4 267</b>
Finansinntekter	947	535
Finanskostnader	2 816	2 553
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>-1 869</b>	<b>-2 018</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>15 197</b>	<b>2 249</b>
Skattekostnad	11 118	-47
<b>Årsresultat</b>	<b>4 079</b>	<b>2 296</b>
Disponering		
Avsett til utbytte	3 500	1 148
Til/frå(-) eigenkapital	579	1 148
<b>Sum disponering</b>	<b>4 079</b>	<b>2 296</b>

## BALANSE 31.12

	KONSERN	
	2021	2020
<b>EIGEDLAR</b>		
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>		
Utsett skattefordel	3 800	3 262
Forskning og utvikling	50	0
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	72 092	7 996
Maskiner og anlegg	25 863	88 937
Anlegg under oppføring	0	2 218
Teleanlegg	20 344	16 972
Transportmiddel, driftslausøyre	3 934	3 698
Investering i tilknytt selskap	2 500	0
Investering i aksjar og andelar	8 469	7 027
Andre langsiktige krav	2 706	2 094
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>139 758</b>	<b>132 204</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>		
Varer	1 844	1 964
Kundekrav	15 319	8 166
Andre kortsiktige krav	2 850	4 944
Bankinnskot, kontantar m.m.	26 411	20 038
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>46 424</b>	<b>35 112</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>186 182</b>	<b>167 316</b>

	KONSERN	
	2021	2020
<b>BALANSE 31.12</b>		
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>EIGENKAPITAL</b>		
Aksjekapital	10 000	10 020
Overkurs	52 557	47 965
Annan egenkapital	1 926	5 226
<b>Sum egenkapital</b>	<b>64 483</b>	<b>63 211</b>
<b>GJELD</b>		
Utsett skatt	1 421	0
Pensjonsplikter	259	475
Ansvarleg lån	89 000	91 000
Leverandørgjeld	7 960	3 220
Betalbar skatt	9 151	0
Skyldige offentlege avgifter	5 703	3 625
Utbytte	3 500	1 148
Anna kortsiktig gjeld	4 485	4 637
Akkumulert meirinntekt	220	0
<b>Sum gjeld</b>	<b>121 699</b>	<b>104 105</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>186 182</b>	<b>167 316</b>

## Nøkkeltal

Tal i heile tusen kroner	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Omsetnad	63 018	44 087	64 497	63 889	54 374	56 468
Driftsresultat	17 066	4 266	9 892	21 684	13 202	12 133
Resultat før skatt	15 197	2 249	9 175	18 407	11 161	8 063
Netto driftsmargin	27,1 %	9,7 %	15,3 %	33,9 %	24,3 %	21,5 %
Resultatgrad	28,6 %	10,9 %	15,0 %	29,3 %	20,8 %	15,6 %
Totalkapitalavkastning	10,2 %	2,8 %	12,8 %	12,5 %	8,7 %	6,8 %
Eigenkapital	64 483	63 211	62 063	58 464	55 354	54 632
Eigenkapitalavkastning	23,6 %	3,6 %	14,8 %	31,5 %	20,2 %	14,8 %
Eigenkapitalandel	34,6 %	37,8 %	34,2 %	32,3 %	32,1 %	32,8 %
Tal på heiltidstilsette	14	14	14	15	15	16
Tal på deltidstilsette	1	1	1	1	1	1
Årsverk	15,0	14,5	14,5	15,5	15,5	16,5
22 kV leidning (km)	129	129	132	132	133	133
22 kV kabel (km)	48	47	48	48	47	47
Lågspenteleidning (km)	143	144	145	146	149	148
Lågspentkabel (km)	141	139	146	138	144	135
Fordelingstransformatorar (stk)	209	207	207	208	208	205
Fordelingstransformatorar, yting (kVA)	38 775	36 725	36 725	36 825	37 825	36 250

## Selskapsvise hovudtal

	Aursjo- kraft	Skiaker- Nett	Skjåk Energi En- treprenør	Skjåk Vasskraft	Skjåk Energi Holding	Total
Sal av kraft	25 599	26	0	38 389	0	64 014
Overføringsinntekter	0	17 231	0	0	0	17 231
Anna driftsinntekt	0	2 957	3 417		7 956	14 330
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>25 599</b>	<b>20 214</b>	<b>3 417</b>	<b>38 389</b>	<b>7 956</b>	<b>95 575</b>
Energikjøp	21 823	4	0	12 232	0	34 059
Overføringskostnader	0	3 068	0	0	0	3 068
Varekjøp	0	468	1 649	0	0	2 117
Lønskostnad	0	5 497	0	0	6 822	12 319
Avskrivning	0	1 728	865	1 142	681	4 416
Annan driftskostnad	2 255	8 147	1 144	8 112	2 872	22 530
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>24 078</b>	<b>18 912</b>	<b>3 658</b>	<b>21 486</b>	<b>10 375</b>	<b>78 509</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 521</b>	<b>1 302</b>	<b>-241</b>	<b>16 903</b>	<b>-2 419</b>	<b>17 066</b>
Finansinntekter	21	169	0	62	3 583	3 835
Finanskostnader	42	2	0	2 771	1	2 816
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>-21</b>	<b>167</b>	<b>0</b>	<b>-2 709</b>	<b>3 582</b>	<b>1 019</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>1 500</b>	<b>1 469</b>	<b>-241</b>	<b>14 194</b>	<b>1 163</b>	<b>18 085</b>
Skattekostnad	330	323	-53	10 378	140	11 118
<b>Årsresultat</b>	<b>1 170</b>	<b>1 146</b>	<b>-188</b>	<b>3 816</b>	<b>1 023</b>	<b>6 967</b>

På grunn av at konserninterne transaksjonar blir eliminert vil ikkje summen av selskapstala bli det same som for konsernet totalt.



### Skjåk Vasskraft AS

Drifta i Skjåk Vasskraft AS omfattar kraftforvaltning og deleigde kraftstasjonar. Skjåk Vasskraft AS mottek årleg sju prosent av produksjonen i kraftverka Øyberget og Framruste og gjennom Skjåk kommune ein rett på årleg uttak på 16,5 % av produksjonen i kraftverket Skjåk 1. Delane av Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Vasskraft AS og selskapet svarar for overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt. Kraft til innbyggjarane i Skjåk blir selt gjennom Aursjokraft AS og resterande mengde blir selt på den opne marknaden. Selskapet oppnådde eit resultat før skatt på 14,2 MNOK og med ein skattekostnad på 10,4 MNOK var årsresultatet 3,8 MNOK.

Gjennomsnittleg spotpris i prisområde 3 (NO3) vart 42 (10 i 2020) øre/kWh. God spotpris og stor skilnad, spesielt på slutten av året, mellom spotpris i NO3 og systemprisen gjorde at selskapet fekk eit tap på prissikring på 5,5 MNOK.

På slutten av året vart Måråe Kraftverk AS stifta med ein aksjekapital på 5 MNOK der Skjåk Vasskraft AS og Skjåk Almenning kvar har 50 % av aksjane. Måråe Kraftverk AS skal investere i ny kraftstasjon i Måråe der Grotli tidlegare hadde eit eldre kraftverk. Planen er at kraftverket, med ein forventa årsproduksjon på 2 GWh og kostnad på 16 MNOK, skal setjast i drift våren 2023.

### Rente-, valuta- og krafthandelsrisiko

Skjåk Vasskraft har eitt ansvarleg lån med fast rente. Selskapet har ingen lån utover dette. Skjåk Vasskraft har ikkje lån plassert i utanlandsk valuta. Ein mindre del av likvide middel er plassert i euro pr. 31.12. Omsetnad av kraft over børsen Nord Pool blir rekna i euro. Oppgjera er omrekna og fakturert i norske kroner. Bedrifta er avhengig av forholdet mellom kursen i euro og norske kroner. Risikoen ved krafthandel består i hovudsak av prisrisiko og volumrisiko. Kraftprisen er marknadsbasert og prisvariasjonane i kraftmarknaden er store samanlikna med andre råvaremarknader. Krafttilgangen hos Skjåk Vasskraft AS består av produksjon i deleigde verk som vil variere etter blant anna magasin-/snø-/ og nedbørssituasjon. Mengda overskotskraft vil variere med mengda produsert kraft i forhold til mengda kraft seld til sluttbrukarar i Skjåk kommune. Forbruket til sluttbrukarane vil vere avhengig av temperatur og vêrforhold, samt marknadsdelen i kommunen. Dei fleste kraftkontraktane er finansielle, men bedrifta har nokre få fysiske kraftavtaler. Det føreligg ein prisrisiko og ein skatterisiko knytt til kraftomsetning ved å selje kraftproduksjonen på kontraktar. Risiko ved krafthandel inneheld såleis ulike element som dreg i ulik retning. Det er vedtekne rammer for sikring av priser i samband med sal av overskotskrafta. Selskapet har ein definert risikostategi som skal bidra til å sikre avsetning av overskotskraft til ein god og forutsigeleg pris. Prissikringa for sal av overskotskraft vert sett på i eit tre års perspektiv og i 2021 var det eit realisert tap på 5,5 millionar.

### Aursjokraft AS



Aursjokraft AS står for sal av kraft til privatpersonar, hytter og næringsverksemdar i Skjåk. Aursjokraft AS kjøpte i 2021 all kraft (51,6 GWh) frå Skjåk Vasskraft AS og hadde ein marknadsdel på 89 % i Skjåk kommune. Resultatet før skatt vart på 1,5 MNOK og etter skatt 1,2 MNOK. Spesielt slutten av året var prega av ein uroleg kraftmarknad med til dels svært store prisvariasjonar. Som resultat av dette kom selskapet med tilbod om fastprisavtale til skjåkværanane og etter responsen å dømme vart dette veldig godt motteke.

### SkiakerNett AS



SkiakerNett AS er eit selskap der drifta omfattar distribusjon av elektrisk energi og lokalt eltilsyn (DLE). Selskapet hadde i 2021 eit driftsresultat på 1,3 MNOK. Det vart målt inn totalt 60,4 GWh på nettet i 2021 og eit mål forbruk på 58,0 GWh. Dette gjev eit nettap på 2,4 GWh som utgjør 4,0 %. Det har i 2021 vore skifta 772 straummålarar. Grunna vanskar med leveranse av målarar er resterande 137 målarar noko forseinka, men blir montert så snar dei blir levert. Fem transformatorar er i løpet av året bygt eller oppgradert og selskapet har også dette året hatt ein god del arbeid fibermontering (Bråtå, Skjåk baksida og Grotli – Langvatnet). Det har vore stabil leveranse av straum og ingen større naturhendingar slik at KILE-kostnaden (kostnad for ikkje levert straum til kundane) er låg med kr 219.955.

Overføringsverksemda til energiverk er regulert gjennom fastsette reglar for kostnadsberekning/-fordeling og inntektsramme. Regelverket blir administrert av NVE, som fastsett ei inntektsramme for overføringsverksemda kvart år. Meir- eller mindreinntekta vert rekna ut frå om overføringsverksemda har teke inn høgare nettleige enn ramma eller ikkje. Meirinntekt skal attendeførast til kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Mindreinntekt kan krevjast attende frå kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. SkiakerNett AS hadde i 2021 ei meirinntekt på 1,3 MNOK (mindreinntekt på 1,3 MNOK i 2020). Akkumulert meirinntekt ved utgangen av 2021 var 0,2 MNOK.



## **Skjåk Energi Entreprenør AS**

Skjåk Energi Entreprenør AS er eit selskap der drifta omfattar utbygging av fiber i Skjåk, montering og sal av solcelleanlegg og varmpumper. Selskapet har også vore involvert i prosjekt for å utvikle ny næringsverksemd i Skjåk. Selskapet hadde ein omsetnad på 3,4 MNOK og eit driftsunderskot på 0,2 MNOK. Resultatet må sjåast i lys av at 2021 var første driftsåret for selskapet og at delar av verksemda har fokus på næringsutvikling som kan gje positive effektar fram i tid.

## **Skjåk Energi Holding AS**

Skjåk Energi Holding AS er morselskapet i konsernet og verksemda omfattar i hovudsak sal av tenester til dotterselskapa. Dette gjeld dagleg leiing, administrasjon, økonomi, IT m.m. Selskapet eig administrasjonsbygget i Bismo sentrum og står for utleige av lokal både internt i konsernet og til eksterne. Selskapet hadde i 2021 ein omsetnad på 8,0 MNOK, eit driftsunderskot på 2,4 MNOK og resultat etter skatt 1,0 MNOK.

## **Personal og organisasjon**

Konsernet sysselsette i 2021 15 årsverk og hadde ved utgangen av året 15 tilsette (4 kvinner og 11 menn). Sjukefråveret var på 1,1 % (3,8 % i 2020). Drifta har ikkje ført til ulykker eller skader.

## **Framtidsutsikter**

Styret stadfestar at føresetnaden om vidare drift er til stades og at dette er lagt til grunn i utarbeiding av rekneskapen for mor- og dotterselskapa.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av egedelane og gjelda, den finansielle stoda og resultatet til mor- og dotterselskapa.

Totalt resultat etter skatt i sum for selskapa i konsernet er 7,0 MNOK. På grunn av eliminering av konserntransaksjonar blir resultat etter skatt for konsernet 4,1 MNOK og styret gjer framlegg om at 3,5 MNOK blir avsett til ordinært utbytte og resterande 0,6 MNOK blir overført til annan eigenkapital.

**For fleire detaljar syner styret til resultat-, balanse- og noteframstillingar i dei respektive selskapa.**